

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar: Boge, Jan Erik	Arkivkode: FE - 053
Arkivsaksnr: 09/197	Løpenr: 18/743
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	01.02.2018	003/2018

Vurdering av kommunalt tilskot til breibandsutbygging**01.02.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) viste til at Olaug Øystese (A) hadde meldt inn spørsmål om gildskapen sin i denne saka. Olaug Øystese las opp spørsmålet. Ho gjekk frå medan formannskapet vurderte gildskapen hennar. Ho vart samråystes funnen gild i saka og tok plass att i møtet.

Nils Aadland (A) viste til at fiber beredskapsmessig er ei betre løysing enn løysingar som er baserte på straum. Han bad om at val av teknisk løysing blir ein del av kartlegginga.

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

FORM- 003/2018 Vedtak:

Rådmannen får i oppdrag å kartleggja status for breibandstilbodet i heile kommunen og leggja fram rapport om dette på neste møte i formannskapet.

Det skal vidare utarbeidast målsetjingar for breibandstilbodet i kommunen. Dette arbeidet kan gjerast som ein del av arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen. På grunnlag av målsetjingane som vert vedtekne må det utarbeidast strategi/plan for vidare utbygging av breiband i kommunen.

Spørsmålet om eventuelt kommunalt tilskot til breibandsutbygging i Bjelkarvikvegen vil ikkje bli vurdert før tidlegast i neste møte i formannskapet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får i oppdrag å kartleggja status for breibandstilbodet i heile kommunen og leggja fram rapport om dette på neste møte i formannskapet.

Det skal vidare utarbeidast målsetjingar for breibandstilbodet i kommunen. Dette arbeidet kan gjerast som ein del av arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen. På grunnlag av målsetjingane som vert vedtekne må det utarbeidast strategi/plan for vidare utbygging av breiband i kommunen.


Spørsmålet om eventuelt kommunalt tilskot til breibandsutbygging i Bjelkarvikvegen vil ikkje bli vurdert før tidlegast i neste møte i formannskapet.

Kva saka gjeld:

Kommunen har både i 2016 og 2017 kunngjort høyringar der lag, foreiningar, verksemder og enkelpersonar vert inviterte til å koma med innspel om vidare utbygging av breiband i Samnanger. Det er krav om gjennomføring av slike høyringar for at kommunen skal kunne søkja Nasjonal kommunikasjonsmyndighet/Hordaland fylkeskommune om tilskotsmidlar til breiband.

Eit av innspela som kom inn i høyringsrunden våren 2017, var frå ein bebuar i Bjelkarvikvegen. Han har i fleire år arbeidd for å få utbygd breiband i området. I dag er det berre tilbod om ADSL (internett over telefonlinje) i Bjelkarvikvegen, og hastigheita/kapasiteten er låg. BKK/Bergen Fiber har nyleg bygd ut fiber (Altibox) i Bjørkheimsområdet. Utbygginga er gjort på kommersiell basis, d.v.s. at det berre er bygt ut der utbyggjaren finn det «økonomisk forsvarleg». Det har derfor ikkje blitt bygt ut fiber til alle i området. Dette gjeld mellom anna husstandane i Bjelkarvikvegen. BKK/Bergen Fiber sette som vilkår at det måtte vera minst 11 interessentar i Bjelkarvikvegen for at utbygging der kunne realiserast. I første omgang var det berre 3 interessantar, langt færre enn BKK/Bergen Fiber sitt vilkår for å byggja ut på kommersiell basis. På bakgrunn av dette søkte kommunen våren 2017 om tilskot frå Norsk Kommunikasjonsmyndighet (NKOM) til breibandsutbygging i Bjelkarvikvegen, men fekk avslag.

I løpet av hausten 2017 har talet på interessantar i Bjelkarvikvegen auka frå 3 til 8. Dette er likevel for få til at BKK/Bergen Fiber vil byggja ut. Kommuneadministrasjonen har vore i kontakt med Bergen Fiber v/avdelingsleiar Cecilie Heim vedrørande saka. Ho opplyste i e-post 11.01.2018 at Bergen Fiber vil kunne realisera fiberutbygging i Bjelkarvikvegen dersom dei får eit tilskot på 60.000 kroner frå kommunen. Dette er basert på at det er 8 interessantar (ikkje 11, slik Bergen Fiber har sett som krav). Totalt sett er det om lag 17-18 potensielle interessantar (bustader, hytter og verksemder i Bjelkarvikvegen).



Vurderingar og konsekvensar:

Kommunestyret løyvde i 2017 eit kommunalt tilskot på opp til 349.000 kroner til breibandsutbygging i området Rolsvåg – Saga. Dette er ei utbygging som NKOM/fylkeskommunen har løyvd inntil 1 million kroner i tilskot til, og tilskotet som kommunestyret vedtok vil koma i tillegg. Bakgrunnen for kommunestyret sitt vedtak, var både å få auka sjansen for å få realisert utbygginga samt å sikra at det blir bygt ut fiber i industriområdet i Rolsvåg. Det ser no ut til at ikkje heile summen på 349.000 kroner vil bli brukt til denne utbygginga, sannsynlegvis vil maksimalt ca. 250.000 kroner av kommunen sine midlar bli brukt. Det vil derfor truleg vera mogleg å finansiera eit eventuelt tilskot til utbygging i Bjelkarvikvegen ved å omdisponera noko av løyvinga frå 2017.

Det er likevel også nokre andre forhold og spørsmål som må drøftast/avklarast i samband med denne saka:

1. Kommunen manglar i dag ein overordna strategi/plan for utbygging av breiband. Det er heller ikkje fastsett konkrete målsettingar for breibandsutbygging i kommunen, for eksempel om det skal vera ei målsetting at alle husstandar og verksemder i kommunen skal ha tilbod om fiber. Det er ein god del område i kommunen som ikkje har føremålstenleg breiband i dag, men det er ikkje gjennomført ei systematisk kartlegging av dette. Det vil uansett ikkje nødvendigvis vera rett å prioritera kommunalt tilskot til utbygging i Bjelkarvikvegen framfor andre stader i kommunen. Døme på andre andre stader/område som ikkje har fiber er Aldalen, Hisdalen/Trengereidfjorden og Utskot. Kanskje bør det i første omgang gjennomførast ei kartlegging, og så utarbeidast ein strategi/plan med målsettingar og prioriteringar. Styresmaktene lyser stort sett kvart år ut tilskotsmidlar til utbygging av breiband i område som truleg ikkje vil bli bygt ut på «kommersiell basis». Det er i samband med dette ønskeleg at kommunen har ein strategi/målsettingar for kva område eller prosjekt det skal prioriterast å søkjær om midlar til.
2. Det er relativt strenge reglar for offentleg tilskot til breibandsutbygging. Det er mellom anna krav om «konkurranseutsetjing» av slike midlar. Det vil derfor truleg ikkje vera høve for kommunen å gje tilskot til Bergen Fiber utan at også andre moglege utbyggjarar har hatt høve til å gje «tilbod». Vidare kan det i utgangspunktet ikkje gjevast offentleg tilskot til utbygging i område som er «kommersielt interessante» (område der kommersielle aktørar har planar om utbygging).

Kommuneadministrasjonen ønskjer sjølvsgått å arbeida for at det blir bygt ut føremålstenleg breiband alle stader å kommunen der det er behov for dette, også i Bjelkarvikvegen. Me har derfor vore i kontakt med og oppmoda Bergen Fiber om å byggja ut fiber i Bjelkarvikvegen. Det likevel stor skilnad på om kommunen oppmodar ein utbyggjar om å byggja ut, i forhold til om kommunen gir økonomisk tilskot til utbyggjaren.

Denne saka bør slik kommuneadministrasjonen ser det behandlast politisk, truleg både i formannskapet og kommunestyret. Det er ønskeleg at politisk nivå i kommunen tek stilling til følgjande:

1. Om kommunen skal gje tilskot til breibandsutbygging i Bjelkarvikvegen.
2. Om det skal startast arbeid med fastsettjing av konkrete målsetjingar og strategi for utbygging av breiband i Samnanger. Dette vil kunne gjerast som ein del av arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen.
3. Om det skal startast arbeid med systematisk kartlegging av det noverande breibandstilbodet i Samnanger.

Kommuneadministrasjonen si vurdering er at det ikkje vil vera rett at kommunen pr. i dag gir tilskot til breibandsutbygging i Bjelkarvikvegen. Før det blir teke stilling til om det eventuelt skal gjevast slikt tilskot, bør det gjennomførast ei kartlegging av breibandstilbodet i heile kommunen og fastsettast målsetjingar og prioriteringar.